



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Steinar G. Sørli, 5557 2154

Vår dato  
19.02.2014  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2014/1688  
Dykkar referanse  
«REF»

Likelydande brev er sendt til:  
Kommunane i Hordaland

### Fullmaktsbrev 2014 Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Statens landbruksforvaltning (SLF) har i brev av 17.01.2014, fordelt midler til miljø- og næringstiltak. Disposisjonsramma for Hordaland for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er 7,2 millioner kroner. I tillegg er inndradde midlar som lå i saldo i SATURN omfordelt. Samla kommunal løyving av SMIL for 2014, sjå vedlegg 1.

Vi vert oppmoda av SLF om å medverke til at SMIL vert prioritert til tiltak som har størst mogleg miljøeffekt. Gjennom løyvingane skal vi medverke til aktivitetsfremmande forvaltning av midlane og kople SMIL opp mot det regionale miljøprogrammet (både strategiar og forskrift/RMP)). I fordelinga for 2014 legg vi i tillegg vekt på omfanget av kommunane sine prioriterte planer, tal landbrukseigedomar, jordbruksareal i drift, tal føretak med produksjonstilskot og løyvvd tilskot frå regionalt miljøprogram.

#### Regionalt miljøprogram 2013 – 2016

Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med faglaga og Kulturlandskapsgruppa i fylket utarbeidde i 2013 eit Regionalt miljøprogram for perioden 2013 -2016 (RMP). RMP er ein del av det Regionale bygdutviklingsprogrammet, og det er eit ynskje med best mogleg synergi av satsingane knytt både til forvaltning av miljøverdiar og auka matproduksjon.

RMP strategiane er lagt ut på heimesida til Fylkesmannen:

<http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Tilskot-fra-Regionalt-miljoprogram/>

Følgjande RMP-strategiar er valt for fireårsperioden:

1. Samarbeid om beite og beitebruk
2. Sikre eit utval av verdifulle kulturlandskap, biotopar, kulturmarkstyper og kulturmiljø
3. Kulturlandskap og næringsutvikling
4. Gjere kulturlandskapet tilgjengeleg
5. Klima og forureining
6. Økologisk landbruk
7. Kompetanseheving
8. Tilskotsordningar

I ny forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram gjeldande frå juni 2013 er fleire av tilskotsordningane avvikla og nye ordningar er etablert. For dei ordningane som er avvikla som til dømes tilskot til friområde for grågås, er det mogleg å erstatte tilskota som er knytt

opp mot forvaltningsplan for grågås med tilskot til leveområde/biologisk mangfald. Fylkesmannens landbruksavdeling ved Øyvind Vatshelle vil kunne hjelpe i dette arbeidet saman med Fylkesmannens miljøvernavdeling.

### **Kopling mellom RMP og prioritering av SMIL**

For å få best mogleg miljøeffekt av verkemidlane innan miljøområdet, er det eit ønskje at kommunane stimulerer til ei kopling mellom tilskotsordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket og tilskot frå regionalt miljøprogram i Hordaland, jf. Regionalt miljøprogram 2013-2016 (RMP). Under strategi 8 i RMP er det gjort greie for koplinga mellom SMIL og RMP. RMP er også kopla opp mot næringsprogrammet kor det er ei styrka satsing på tilskot til beitedyr i Landskapsparkar og tilskot til føretak som deltek i organisert beitebruk. Det er satt krav om skjøtselsplan for Landskapsparkane frå 2014. Ein mogleg måte å finansiere gjennomføring og utarbeiding av skjøtselsplan på er å nytte SMIL og delordning Planlegging av fellestiltak, kor fleire bønder/Landskapsparken går saman om å søkje om tilskot.

Eit anna prioritert strategi i RMP er samarbeid om beitebruk. Fylkesmannen vil i 2014 vidareføre prosjekt Landskap i drift. Kommunane kan sjølve også vere aktive ved å prioritere SMIL-tilskot til fellestiltak mellom gardbrukarar som vil restaurere gamal kulturmark og etablere nye driftsmessige løysingar.

I 2014 vil Fylkesmannen i samarbeid med LFR utarbeide planer for tiltak langs prioriterte vassdrag som har lokalitetar for elvemusling. Gardbrukarane langs desse vassdraga vert vitja av LFR og det vert starta opp ein prosess våren 2014 for å få på plass Miljøplan trinn 2 på desse bruka. For å søkje om tilskot til areal knytt til prioriterte vassdrag, må gardbrukarane ha Miljøplan trinn 2 som miljødokumentasjon på drifta er i samsvar med utfordringane langs vassdraga.

### **Kulturminne og kommunale kulturminneplaner**

For prioritering av SMIL midlar kan kommunal og regionale planer vere gode verktøy. Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein rapport om tilrettelegging av arkeologiske kulturminne. Fleire kommunar har fått vedtatt kulturminneplaner som kan vere til hjelp for å få oversyn over prioriterte kulturminne i jordbrukets kulturlandskap.

### **Tiltak for å redusere forureining frå landbruket**

Landbruket har sektoransvar for gjennomføring av vassforskrifta. SMIL kan medverke til gjennomføring av målretta tiltak. Vi oppmodar til å ta temaet forureining med i kommunal SMIL-strategi.

Tiltak for å redusere forureining skal redusere tap eller risiko for tap av næringsstoff, partiklar og andre forureinande utslepp til jord, vatn eller luft frå jordbruksareal, fôr eller gjødsel.

*Mellom anna* følgjande tiltak kan bli omfatta, jmf Rundskriv 7/2005:

- Særskilte bygningsmessige miljøtiltak i eller i tilknytning til eksisterande driftsbygning eller driftsopplegg. Til dømes tiltak for å hindre avrenning frå husdyrgjødsel i utekve, samle plass for beitedyr, avrenning frå rundballar og tiltak for å hindre gasstap, luktplagar mm.

- Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg, der tiltaket har tydeleg effekt på forureining eller sårbare artar, og ikkje kan reknast som vanleg drenering av jordbruksareal..
- Økologiske reinsetiltak, til dømes fangdam.

Vi minner om at det berre kan berre bli gitt SMIL-tilskot til tiltak utover det ein kan forvente gjennom vanleg jordbruksdrift, jmf Rundskriv 7/2005. Ein kan ikkje gi SMIL-tilskot til tiltak som blir utført for å følgje lovpålagde krav.

### **Krav til sakshandsaming**

Det er satt ei rekke krav til sakshandsaming ved søknader etter forskrifta SMIL. Det er viktig at tiltaka tar omsyn til verdiane og tiltak knytt til både biologisk mangfald og automatisk og vedtaksfreda og freda kulturminne. Ved tiltak som fell inn under Kulturminnelova må ein kontakta avdelinga til fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune. Sjå vedlagt døme på krav til vurdering av søknad etter Kulturminnelova.

Fylkesmannen oppmodar kommunane om å følgje opp både naturmangfaldlova og kulturminnelova i sakshandsaminga av SMIL saker, sjå vedlagt forslag til vurdering av tiltak i samsvar med lovverket.

Vi oppmodar kommunane å fatte grunngjeve vedtak, ikkje berre vise til omsøkt tiltak. Om det vert klage på vedtaket er den kommunale grunngjevinga med prioritering viktig for at Fylkesmannen skal kunne vurdere klagen. I vedtaket bør det synast til dei kommunale strategiane knytt til prioritering av verdiar og utmåling av tilskot.

### **Arbeidsfristar og inndregne midlar**

Med knappe rammer og krav om god måloppnåing for SMIL-midlane, er det viktig at kommunane følgjer opp saker med utgåtte arbeidsfristar og dreg inn midlar som ikkje vert nytta i tråd med føresetnadene. Fylkesmannen sender ikkje lengre ut brev med varsel om arbeidsfrist og inndraging til tilskotsmottakaren. Kommunane må følgje med på oversiktslistene som vert tilsendt og kontakte tilskotsmottakarane for å avklare om midlane skal utbetalast eller inndragast. Inndregne midlar kan disponerast på nytt fram til årsskiftet. For å kunne nytte inndregne midlar i løpet av året kan det vere ein fordel å setje ei tidelgare arbeidsfrist for året.

### **Registrering av SMIL-saker og årsrapport**

Vi ber vi om at kommunane sender inn tildelingsvedtak og saksutgreiing for alle løyvde tilskot innan 1. nov. Søknadsskjema må vere underskrevet av søkjar og løyvingssum og tema må vere utfylt av kommunen, slik at saka kan lett kan registrerats i sakshandsamingssystemet til Fylkesmannen. I tillegg ber vi om en kort melding av trong for midlar for 2015 med prioriterte prosjekt. Desse opplysningane vert nytta ved søknad til SLF for ramme for Hordaland i 2015.

### **Forskrift og rundskriv**

Vi syner elles til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 04.02.2004 og rundskriv 7/2005 Forvaltning av forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket 18.05.2005.

Midlane skal lysast ut og gjerast kjent på heimesida til kommunen.

Lukke til med sakshandsaminga.

Med helsing

Åse Vaag e.f.  
Ass. landbruksdirektør

Steinar G. Sørli  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1. Kommunale kvoter 2014
2. Døme på sakshandsaming etter Naturmangfaldlova
3. Døme på sakshandsaming etter Kulturminnelova

## Vedlegg 1. Kommunale kvoter

<b>Kommune</b>	<b>Løyving 2014</b>
Bergen	kr 350 000
Etne	kr 350 000
Sveio	kr 340 000
Bømlo	kr 240 000
Stord	kr 200 000
Fitjar	kr 280 000
Tysnes	kr 190 000
Kvinnherad	kr 650 000
Jondal	kr 120 000
Odda	kr 50 000
Ullensvang	kr 500 000
Eidfjord	kr 35 000
Ulvik herad	kr 230 000
Granvin	kr 140 000
Voss	kr 1 100 000
Kvam	kr 550 000
Fusa	kr 140 000
Samnanger	kr 70 000
Os	kr 120 000
Austevoll	kr 110 000
Sund	kr 70 000
Fjell	kr 180 000
Askøy	kr 80 000
Vaksdal	kr 150 000
Modalen	kr 30 000
Osterøy	kr 290 000
Meland	kr 230 000
Øygarden	kr 50 000
Radøy	kr 350 000
Lindås	kr 450 000
Austrheim	kr 80 000
Fedje	kr -
Masfjorden	kr 70 000
<b>SUM</b>	<b>kr 7 795 000</b>

## **Vedlegg 2. Døme på sakshandsaming etter Naturmangfoldlova**

«Naturmangfoldloven:

Kommunen skal bl.a. vurdere søknader om tilskudd til Spesielle miljøtiltak i jordbruket i forhold til Naturmangfoldloven, og da spesielt prinsippene i §§ 8-12. Vurderingene i forhold til disse prinsippene skal fremgå av beslutningen, jf. Naturmangfoldlovens § 7.

§ 8 kunnskapsgrunnlaget

Det er i artskartet i Artsdatabanken ikke registrert funn i nærheten av tiltaket. Tiltaket som skal utføres innebærer opprettholdelse av generasjoners bruk gjennom årtier og ivaretar deres kunnskap om bærekraftig bruk og bevaring av naturmangfoldet.

- § 9 føre-var-prinsippet

Det vurderes i dette tilfellet at det foreligger tilstrekkelig informasjon og kunnskap om tiltakets virkning på naturmiljøet for å kunne treffe en beslutning.

§ 10 økosystemtilnærming og samlet belastning

Tiltaket medfører ingen endret belastning av økosystemet og vil ikke påvirke naturmangfoldet i negativ retning

§ 11 kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver

Punktet anses ikke relevant for omsøkte tiltak.

- § 12 miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Rydding av området vil foregå ved manuelt arbeid og dermed gi minimal skade på terreng.

Konklusjon —vurdering av tiltak i henhold til Naturmangfoldloven:

Tiltaket anses ikke å komme i konflikt med prinsippene i Naturmangfoldloven.»

### **Vedlegg 3: Døme på sakshandsaming på kulturminnelova**

Kommunen skal bl.a. vurdere søknader om tilskudd til *Spesielle miljøtiltak i jordbruket* i forhold til Kulturminneloven, og da spesielt §§ 1 og 3.

*§1 Kulturminne og kulturmiljø med deres egenart og variasjon skal vernes som del av får kulturarv*

Tiltaket medfører ingen vesentleg endring av eksisterande eldre bygningsmilø og vil ikke påvirke kulturmiljø i negativ retning.

*§3 forbud mot inngrep i automatisk freda kulturminne*

Tiltaket medfører ingen inngrep i automatisk freda kulturminne med tilhørende sikringsone, eventuelt at det forelegg ein skjøtselsplan for det freda kulturminne som er godkjent av det regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern

Konklusjon —vurdering av tiltak i henhold til Kulturminneloven:

Tiltaket anses ikke å komme i konflikt med Kulturminneloven.